

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 33/2008

av 14. mars 2008

om endring av vedlegg XVIII til EØS-avtala (Helse og tryggleik på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik handsaming av kvinner og menn)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XVIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 132/2007 av 26. oktober 2007(¹).
- 2) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/54/EF av 5. juli 2006 om gjennomføring av prinsippet om like høve for og lik handsaming av menn og kvinner ved tilsetjing og i arbeidstilhøve (omarbeiding)(²) skal takast inn i avtala.
- 3) Direktiv 2006/54/EF opphevar med verknad fra 15. august 2009 rådsdirektiv 75/117/EØF(³), 76/207/EØF(⁴), 86/378/EØF(⁵) og 97/80/EF(⁶), som er tekne inn i avtala og difor må opphevast i avtala med verknad fra 15. august 2009 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkelf 1

I vedlegg XVIII i avtala vert det gjort følgjande endringer:

1. Etter nr. 21a (rådsdirektiv 97/80/EF) skal nytt nr. 21b lyde:

”21b. **32006 L 0054:** Europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/54/EF av 5. juli 2006 om gjennomføring av prinsippet om like høve for og lik handsaming av

(¹) TEU L 100 av 10.4.2008, s. 1, og EØS-tillegget til TEU nr. 19 av 10.4.2008, s. 1.

(²) TEU L 204 av 26.7.2006, s. 23.

(³) TEF L 45 av 19.2.1975, s. 19.

(⁴) TEF L 39 av 14.2.1976, s. 40.

(⁵) TEF L 225 av 12.8.1986, s. 40.

(⁶) TEF L 14 av 20.1.1998, s. 6.

menn og kvinner ved tilsetjing og i arbeidstilhøve (omarbeiding) (EUT L 204 av 26.7.2006, s. 23).

Direktivets bestemmelser skal for denne avtales formål gjelde med følgende tilpasning:

- a) Artikkel 3 skal lyde:

”For å sikre full likestilling i praksis mellom menn og kvinner i arbeidslivet, skal prinsippet om lik handsaming ikke hindre nokon medlemstat frå å halde ved lag eller vedta tiltak som gjev særlege føremoner som kan gjere det lettare for det underrepresenterte kjønnet å utøve yrkesverksemeld eller å førebyggje eller vege opp for ulemper i yrkeskarrieren deira.”.

- b) I artikkel 12 skal nytt nr. 5 lyde:

”5. For Island og Norge skal datoan 17. mai 1990 i nr. 1 første punktumet bytast ut med 1. januar 1994, og for Liechtenstein skal han bytast ut med 1. mai 1995.”

- c) I artikkel 19 nr. 4 bokstav a) erstattes ordene ”artikkel 141 i traktaten” med ordene ”artikkel 69 i EØS-avtala”.”

2. Teksta i nr. 17 (rådsdirektiv 75/117/EØF), 18 (rådsdirektiv 76/207/EØF), 20 (rådsdirektiv 86/378/EØF) og 21a (rådsdirektiv 97/80/EF) vert oppheva med verknad frå 15. august 2009.

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2006/54/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 15. mars 2008, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utførda i Brussel, 14. mars 2008.

(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.

For EØS-komiteen

Alan Seatter

Formann